

Til Vestland fylkesting v/ fylkesordføraren.

Skriftlege spørsmål om varslingsinstituttet i fylkeskommunen.

I følgje NRK Vestland sist veke, har Vestland fylkeskommune gjort alvorlege feil i ei varslingssak som gjaldt mobbing, trakkassering og fryktkultur på ein vidaregåande skule i fylket.

I staden for å ta varselet på alvor, vart det opna personalsak mot varslnaren. tok svært lang tid, og fleire varsel vart sendt, før saka vart sendt til Varslingsutvalet. I rapporten frå Varslingsutvalet blir det og peika på at dette er brot på fylket sine etiske retningslinjer om tillit, openheit og takhøgde.

Saka viser at varslingsinstituttet i Vestland fylkeskommune ikkje fungerer slik det skal. Slike saker gjer at mange tilsette vil kvi seg for å varsle om graverande forhold i framtida. Dei kan risikere å sjølv bli straffa for det.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Kva vil fylkesordføraren gjere for å retta opp att tilliten til varslingsinstituttet i fylkeskommunen?
2. Korleis vil fylkesordføraren syte for at framtidige varsalarar blir tatt på alvor og ikkje blir straffa på noe vis?

Innsendt av fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn (Raudt)